

Ny tomt med praktutsikt er byggjeklar.

13.01.2018



Nydeleg utsikt! Og i tillegg kjem ein nokre meter høgare opp enn der bildet er teke frå

Den flotte aktiviteten i Ospelunden byggefelt held fram. Siste vekene har Br. Musland Maskin arbeid med sprenging og utgraving av tomte der det no skal byggjast ein tomannsbustad i indre del av feltet. Dette arbeidet har også resultert i flotte gråsteinsmurar som pyntar opp.



Flott murarbeid av Br. Musland Maskin pyntar opp.

Tomannsbustaden kjem mellom einebustadene til Annemor Rød og Jan og Shirley Nordli, og den får aldeles nydeleg utsikt. Leilighetene som kjem i den, er lik leilighetene i tre-mannsbustaden som er i feltet. Det er store

leiligheter over 2 etasjar. På nedsida av tomten har Br. Musland bygt gråsteinmur i forlenginga på den fine muren som tidlegare vart sett opp nedanfor huset til Nordli.

Oddbjørn Kroka i Ospelunden fortel at støypearbeidet startar komande veke. Ersland Forskaling skal stå for det arbeidet, og seinare er det Elite Snekkerservice AS v/ Kjell Inge Rørvik og Rune Enæs som skal stå for byggjearbeidet. Dermed vert det brukt lokal arbeidskraft i heile løpet, og Kroka seier at han er svært fornøgd med desse som han også har brukt tidlegare. Den eine leiligheten er allereie selt, og den skal vera ferdig tidleg i juli etter planen.

Kroka fortel elles at han no jobbar med asfaltering i feltet, og med neste byggjetrinn som skal koma.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland